

## Seniornett Eid: Mykje glede og aktivitet med DAM – midlane.

Seniornett Eid var så heldige å få godkjent to prosjekt av DAM-stiftinga under tittelen Middagsmøter – til saman 153 000 kroner. Prosjekta er gjennomført i samarbeid med Eid pensjonistlag. Det har ikkje vore stilt krav om medlemskap i Senionett Eid eller Eid pensjonistlag for å kunne delta på arrangementa. Føremålet med møta har vore å samle eldre i ein sosial samanheng, tilby god mat, sosialt samvær, aktivitetar og litt prat om data.



Den første delen av prosjektet vart avvikla midt under coronapandemien. Dette la strenge rammar for arrangementa. Det vart invitert til 4 middagsmøter på Nordfjord hotell. Alle sat rundt småbord med stor avstand mellom stolane. Frå scena var det kulturinnslag med musikk, kåseri og informasjon om databruk, tryggleik på nettet m.m. På kvart møte var det mellom 20 og 25 deltakarar. Deltakartalet vart begrensa på grunn av corona-restriksjonane

Så kom våren 2022, pandemirestriksjonane vart letta på, og vi kunne slå oss meir laus. 27. april mai vart det arrangert tur til Sølvane Gard. Interesse var stor for å delta og vi måtte seie nei til mange. Sølvane Gard er eit lite gardsbruk i Kandalen i Gloppen kommune. Bygda Kandalen har ca. 60 innbyggjarar.

Vegen fram til bygda er smal og kronglete så vi var litt usikre på om det let seg gjere å køyre med ein stor turbuss inn dit. Sjøføren var også litt betenkt. Dagen før vi skulle reise tok han ein tur inn til Kandalen for å sjå om det var mogeleg å kome fram med stor turbuss. Ein av flaskehalsane var ei gammal bru høgt over Gloppenelva. Det gjekk fint i sneglefart og til stor applaus frå deltakarane.



Inne på Sølvanen Gard vart vi møtt av velkomstdrink på låvebrua og velkomstarie av operasangar Eivind Kandal. Han orienterte om bygda og garden og kva vi skulle få sjå på dette besøket.

Deltakarane vart delt i to grupper og så vart det bygdevandring. Først innom eit lite gardsnekkeri med orientering frå snekkaren, deretter besøk på kunstutstilling med bilder måla av lokal kunstnar og vandring opp til eit lit ysteri med



høve til å få smaksprøvar av førsteklasses ekte geitost. Været var nydeleg, varmt og godt, og på timesvandringa fekk vi tid til å nyte den vakre naturuen med utsikt over bratte fjell, småbruk som klora seg fast i bratta og eit speilblankt Breimsvatn.

Vel tilbake på låven var det et lite utsalg av skinnvarer, lokalt produsert kjøtt av sau og geit og sjølvsagt geitost.

Det andre høgdepunktet på dagen var middagen inne i låven. Det var servert lokalprodusert mat av som kjøtt, urter og bær. Under måltidet var det igjen operasang av Eivind Kandal og meir orientering om Kandalen av vertane.



Etter 5 timar reiste vi heim etter å ha opplevde kanskje for oss vårens vakraste eventyr.



I løpet av seinsommaren og hausten har aktiviteten vore konsentrert omkring torsdagskaffeane. På desse kaffeane blir det orientert om ulike tema omkring bruk av data. Det er både gruppeundervisning og 1 til 1 undervisning. Til hjelp for dette har ein kjøpt in 6 nettbrett for utlån. Største læringseffekt har ein likevel når deltakarane brukar eiga maskin og blir godt kjent med den.

I november reiste 16 pensjonistar til Leikanger på Stadlandet og vart servert god

julemiddag og musikk på Ingas kafe.

Men vi kan ikkje berre ete god mat og snakka om data. Den 28 november gjekk 17 pensjonistar på Operashuset og hørde på Herborg Kråkevik si Juleroseforestilling. Herborg Kråkevik framførte vakre julesanger, gjøgla litt innimellom, opplesing av forfattaren Nina Lykke og ikkje minst - alt med støtte av 3 flinke musikarar.

For Seniornett Eid

Eiliv K. Berdal (prosjektleder)